

Dokumentasjon i fartøyvernet – definisjon og avgrensing

Bakgrunn

Eit fartøyvernprosjekt kan sjåast som eit kontinuerleg forskingsprosjekt med mål om å:

- avdekke fartøyet si tekniske og samfunnsmessige historie
- bruke denne innsikta til å setje fartøyet i stand slik det i alle delar framstod i ei nærare definert periode

I tråd med ei vitskapeleg tilnærming må alle aktivitetar som har konsekvensar for det materielle fartøyet fortløpande dokumenterast. Dette skal ivareta fartøyet sin kjeldeverdi ved å sikre at vurderingane og framgangsmåten for alle inngrep kan etterprøvast.

Mål

Målet med dette dokumentet er å medverke til ei felles forståing av, og eit jamt og vitskapeleg nivå på, dokumentasjonsarbeidet i fartøyvernet. Dokumentasjonen skal sikre kunnskap og kjelde- og verneverdiar for ettertida og danne grunnlag for antikvariske løysingar i samband med istandsetting, bruk og vedlikehald av fartøyet.

Definisjon

I følge Store Norske Leksikon tyder det å dokumentere *å føre bevis*, og det er ei slik forståing som vert lagt til grunn her.

Det å *dokumentere* kan delast opp i to ulike typar aktivitetar:

- 1) Innsamling av kjeldemateriale eller «bevismateriale»
- 2) Systematisering, vurdering og arkivering av materialet

Dette inneber at det innsamla materialet må gå gjennom ei kjeldekritisk vurdering for å kunne kallast dokumentasjon (eller bevis). Typiske vurderingskriterier er truverd, relevans og etterprøvarheit.

Dokumentasjonen, resultatet av det å dokumentere, kan likeins delast opp i to ulike resultat:

- 1) Dei arkiverte «bevisa».
- 2) Syntesen/rapporten som er skriven på grunnlag av «bevisa».

Avgrensing

Autentisitet er ein viktig verdi i kulturminnevernet, og ein skil gjerne mellom *materialautentisitet* og *prosessautentisitet*. Sidan dei flytande kulturminna, fartøya, vert tekne vare på etter prinsippet om «vern gjennom bruk», vert den prosessautentiske tilnærminga viktig. Fortsett bruk medfører at prosessane knytt til reparasjon og vedlikehald må halde fram, med gradvis utskifting av historisk kjeldemateriale som konsekvens. Dette i motsetnad til den meir konserverande og materialautentiske tilnærminga til museumsgjenstandar, som til dømes landsette fartøy.

For å hindre at reparasjonar og vedlikehald fører til utilsikta endringar og at kjeldeverdiar går tapt, må vi setje krav om dokumentasjon av både fartøyet og dei handlingane vi utfører på det. Dette inkluderer handverka knytte til istandsetting, bruk og vedlikehald.


Riksantikvaren skil mellom tre ulike typar objekt som kan dokumentasjon i fartøyvernet (Småland, 2017):

1. Det konkrete fartøyet
2. Generell teknisk historisk kunnskap
3. Handverket/ den praktiske kunnskapen

Dette kan utleiast til:

1. Dokumentasjon av produkt
2. Dokumentasjon av kontekst
3. Dokumentasjon av prosess

Kategoriene har flytande overgangar og kan ikkje forståast uavhengig av kvarandre. Dei inneber (til dels) ulik tilnærming og metodikk, men vil i praksis supplere og støtte seg til og kvarandre. Det er heilskapen dei dannar som er vesentleg.



Dokumentasjon av produkt (fartøyet og relaterte objekt)

Den viktigaste kunnskapskjelda innafor kulturminnevernet er kulturminnet sjølv. Fartøyet, og objekt med tilknytning til fartøyet, kan dokumenterast og analyserast etter dei same vitenskaplege kriteria som gjeld for andre kjelder, men ein lyt nytte seg av hjelpemiddel som oppmåling, materialanalysar, fotografering og teikning. Slik dokumentasjon kan vere reint deskriptiv.

Dersom ein skal dokumentere korleis fartøyet stod fram på eit tidlegare tidspunkt, må ein nytte seg av historisk kjeldemateriale. Dette kan vere alt frå spor i sjølv fartøyet til publikasjonar, arkivkjelder, fotografi og munnlege opplysningar. Ein bevegar ein seg vekk frå det deskriptive mot det tolkande, dette krev at det vert gjort grundig reie for alle hypotesar og konklusjonar.

Dokumentasjon av kontekst (den historiske samanhengen)

Med dokumentasjon av kontekst forståar vi innsamling av historisk materiale som ikkje treng vere direkte knytt til fartøyet. Dette kan vere informasjon om dei handverka og utføringsmåtane som fartøyet er eit produkt av, regelverka som handverkarar og fartøyeigar måtte forhalda seg til eller bruken av liknande fartøy. Denne informasjonen kan vere med på å underbygge, avkrefte, avdekke eller forklare fartøyet si tekniske historie. Kontekstuell informasjon kan finnast i publikasjonar, arkivkjelder, hjå informantar eller andre liknande fartøy. Bruk av slikt materiale er underlagt dei same generelle krava til relevans og kjeldekritikk som gjeld for anna kulturhistorisk forskning.

Dokumentasjon av prosess (handverket og bruken)

I tillegg til sjølv produktet må både handverka som har skapt fartøyet og bruken det var bygd for dokumenterast. Dette er for det første ein føresetnad for å forstå kulturminnet. For det andre er ei slik forståing ein føresetnad for antikvarisk istandsetting og vedlikehald av fartøyet. I tillegg er denne handverkskunnskapen ein del av den immaterielle kulturarven, og har derfor ein eigenverdi.

Dokumentasjon av prosessar kan ta utgangspunkt i både produktet og konteksten.

Prosess og produkt: I samband med dokumentasjon av eit fartøy (produkt) vil det oppstå behov for å forstå byggemåten og å tolke verktøyspora og bruksspora. Det må gjerast greie for korleis slike spor vert tolka, og røynsle frå det aktuelle handverket vil ofte vere ein føresetnad. Forståing av prosessen bak vil i sin tur kunne gje ein meir føremålstenleg struktur til den meir deskriptive objekt-dokumentasjonen.

Prosess og kontekst: Ein kan også dokumentere prosessar med utgangspunkt i handverka knytt til bygging og vedlikehald eller bruken av fartøy. Frå objektet (kulturminnet) sin ståstad vert dette kontekstuell kunnskap. Ein handverksteknikk kan ikkje først vidare med dokumentasjon åleine, men mykje av kunnskapen let seg likevel dokumentere.

Dokumentasjon av praksisen i handverk kan både ta utgangspunkt i eit handverk som stadig vert halde i hevd eller i ein teknikk som ikkje lenger vert praktisert. I første tilfellet vert den praktiserande handverkaren hovudkjelda. I sistnemnde tilfelle er det snakk om gjenvinning heller enn vidareføring, og metoden må i større grad vere tolkande (verktøyspor) og eksperimenterande.

Døme

Dokumentasjon av produkt. Ved å analysere spanta i eit trefartøy, kan ein dokumentere tresort, materialutnytting, dimensjonar og verktøyspor. Ein kan også foreta ei årringsdatering. Dette er deskriptiv dokumentasjon av produktet.

Dersom spanta har ei avvikande utføring midtskips og den historiske dokumentasjonen fortel om ei forlenging, vil det vere naturleg å tolke dette slik at desse spanta har komme til i samband med forlenginga.

Dokumentasjon av kontekst. Ut frå kjelder som liknande fartøy, Det Norske Veritas eller arbeidarar der fartøyet vart bygd kan ein sette funna i ein samanheng. Ein kan vurdere om dimensjonar og byggjemåte er som forventa eller om dette skil seg ut frå det relevante kjeldematerialet.

Dokumentasjon av prosess. Ut frå verktøyspora kan ein seie om spanta er sidehogde med øks eller om dei er saga. Sagspora kan seie om det er brukt bandsag eller sirkelsag. Viss spantet er sidehogd med øks, kan spora både seie noko kva øks som er brukt og i kva posisjon emnet har ligge når det vart hogd til. Dette er dokumentasjon som inneber tolking av ein føregåande prosess, men som har sitt utgangspunkt i dokumentasjonen av produktet.

Å sidehugge spanta med øks har vore vanleg, men vart mindre praktisert etter kvart som sirkelsaga kom i bruk. Å dokumentere arbeidsmåten i samband med sidehogging av spant vil vere dokumentasjon av prosess med utgangspunkt i verktøy eller generell handverkskunnskap - altså kontekst.

Dersom øksespora tyder på at det har vore nytta ein arbeidsmåte som ikkje er kjend, kan ein lage seg hypotesar og prøve dei ut i praksis. Dette vert eksperimenterande dokumentasjon av prosess, men med utgangspunkt både i produktet og det som måtte finnast av kontekst.

Litteratur:

Kloster, J (1998) *Dokumentasjon*. Artikkel i *Flytende Kulturminner. En innføring i fartøyvern*. Riksantikvarens rapporter, nr.25. Oslo: Riksantikvaren.

Masdalen, K.-O. (1993). *Arkivkilder til bruk i fartøyvernet. Fok-programmets skriftserie nr. 9*. Oslo: Norges Forskningsråd. Program for forskning om kulturminnevern.

Riksantikvaren: Rapportmaler med forklaring

Småland, E. G. (2017). *Dokumentasjon i fartøyvernet - forslag til sortering og avklaring*. Oslo: Riksantikvaren

Småland, E. G. (2018). *Restaureringsprosessen – oversikt over prosessens dokumenter*. Oslo: Riksantikvaren

Store Norske Leksikon (på nett. 2021). <https://snl.no/dokumentere>